

# Barnehagane – ein viktig del av opplæringa

Skuledrift i 2014: kompetansar og viktige  
kriteria for kvalitet i opplæringa

Barnehagane sett frå skulen sin ståstad



TRUDVANG SKULE:

Saman skapar me ein god stad å vera, ein god stad å læra

# Barnehagen, lovverk

- § 1. *Formål*
- Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.
- Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.
- Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

# Barnehagen, lovverk

- § 2. *Barnehagens innhold*
- Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.
- Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.
- Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.
- Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.
- Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.
- **Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.**
- Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.
- Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.
- Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.

# opplæringslova



- **§ 1-1. Formålet med opplæringa**
- Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.
- Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.
- Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.
- Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.
- Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.
- Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.
- Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.
- **1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats**
- Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten.
- **På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.**

# Fakta om skulen



- Bjarte Ramstad, rektor
- 1-5 skule, 15 klassar, 315 elevar. 33 ped, 11 miljø, 2 barne og ungdomsarb
- Sentrumsskule, ulik bygningsmasse, ok uteområde
- Velkvalifisert personale...
- Stor øvingsskule med omlag 20 - 30 studentar innom kvart år, lærarskulen, barnehagelærar, barnevern, spes.ped, fagutdanningar, idrett, friluftsliv
- Andre satsingsfelt: dysleksivenleg skule, IKT i undervisning, satsing på ulike kompetansar, miljøterapeutar m meir som del av målretta arbeid med åtferd og sosial rolle, Verktøykassetenking med MILL, entreprenørskap, IKT og fysak
- Frukt og fysisk aktivitet: landsleiande på fysak..
- Resultat som på landssnitt eller betre

# Kven er Trudvang / ein barnehage

- Ca 315 elevar med ulike behov, foreldre med ulike behov
- Fysiske handikap, psykiske lidingar, syndrom, åtferdsutfordringar, dysleksi, lærevanskar: generelle, spesifikke, m meir
- Høna eller egget: fagvanskane eller åtferdsvanskane som løyser ut?
- Alle elevar lik rett til mestring, alle elevar skal få kvalifisert hjelp så raskt som mogeleg, alle utfordringar like mykje verdt!
- Kan ikkje arbeide fagleg om det andre ikkje er på plass!
- Sterkt fokus på å få til klassemiljø jamfør minst 6 barnehagar, 9 avd: 3 klassar...

# Kva har me gjort, kva tenkjer me på..

- Me drøftar ofte: Kva er ein administrasjon? Kva område skal dekkjast? Det sosiale og danningsmessige inn som del av adm!
- Den faglege opplæringa går bra, ikkje der ein ynskjer hjelp og trykk
- IKT: valfritt å innføre? BH: valfritt å innføre??
- Utfasing alle «ufaglærte», nokre har teke vidareutdanning, lettare før.....
- Teke inn miljøterapeutar: ulike kompetansar, ulike behov, alle like mykje verdt
- Pedagogane, vidareutd: psykososialt arbeid med barn og unge, aktiv omsorg, rettleiing, faglege vidareutd kjem etter kvart, men andre kompetansar viktigare
- Auka samarbeid med PPT, BV, BH, BUP, Helsesøster. KAN IKKJE DRIVE UTAN, MEN DEI TEK HELLER IKKJE OVER!
- Stort fokus på tilbodsliste jamfør arbeid mot mobbing / for trivsel
- Kontaktlærar med auka tid for å ivareta mellom anna elevsamtalar, auka kontakt med heim m meir. KVALITET og RIKTIG MÅTE
- Def. arbeidsoppgåver: kontaktlærar, spesialpedagog, miljøterapeut etc

# Dei tilsette, formell kompetanse

- Adm med rektorskulen, 3
- Allmennlærarar, 26
- Spesialpedagogar, 5
- Logoped, 1
- Barnevernspedagogar 4
- Sosionom, 1
- Vernepleiar, 2
- Idrett / friluft bacheleor, 1-2
- Førskulelærarar med t d spes.ped el anna, 4
- Barne- og ungdomsarbeidar, 2
- Miljøkoordinator med komp frå BV
- Vidareutd: psykososialt, aktiv omsorg, rettleiing
- 100% tilsette med formell kompetanse!
- Helsesøster dregen aktivt med i arbeidet
- System- og einskildsaksamarbeid med PPT, BUP, BV



# Kvifor alt dette?

- Me diskuterer / tenkjer ofte på:
  - Kva er norsk skule anno 2014?
  - Utfordringane står i kø, og avtek ikkje!
  - Me må vere førsteleddet rundt både det faglege og det sosiale, begge deler like viktig
  - Me kan få hjelp, men me står i det måndag – fredag
  - Alle må lukkast! Om ikkje: negativ arbeidsdag
  - Skulen si rolle endrar seg, alle gode krefter må bidra.
  - Skulen må ha kontroll på det heile mennesket sjølv om ein brukar ulike instansar / kompetansar internt / eksternt

# Kva fører dette til, nosituasjon

- Me skal ha kompetanse på alle kjende utfordringar skulen står i
- Dei ulike har def ansvarsområde
  - Miljøterapeut: arb med dei sosiale bitane av einskildvedtak + klassemiljø 1.klasse. Skriv deler av IOP, har kontakt med instansar ++
- Me lærar opp kvarandre og er faglege samarbeidspartar med kvarandre
- Teigdeling: situasjonen som bestemmer kven og kva...
- Me tenkjer heilskap i opplæringa
- Me handterer «alle» utfordringar, både enkle og komplekse
- Utfordringar:
  - Ulike arbeidstidsavtalar, fellestid og samarbeidstid
  - Def arbeidsoppgåver, unngå profesjonskamp
  - Er skulen på rett veg med denne satsinga???

# SFO

- Faglært personale i SFO, frå 0 til 100..
- Fokus på aktivitetar, tryggleik for elevane, mestring sosialt
- Mange av elevane med utfordringar er og på SFO, «heilt til det stenger»!

# Vegen vidare

- Kompetanse vil alltid vere viktig!
- Sjå heilskapen i opplæringa gjennom alle rollane / kompetansane
- Politiske signal, ansvaret til skulen
- Rigging av kommunane: korleis løyser ein utfordringane borna har?
- Kostnadsbiletet på skulebudsjettet – og kva med BH??
- Om ikkje alt er på «plass»: potensiell vanskeleg arbeidskvardag i 10 av 15 klassar på Trudvang skule!

# Utfordringar i barnehagen

- Eg legg til grunn at korkje skule eller BH har rekrutteringsutfordringar! Eigne mål set standarden!
- Meir papirarbeid for leiar, rapportering og skriftlegheit
- Mykje fysiske utfaldingar, men støy
- Mange vel seg over til skule, helse- og sosialt arbeid
- Kompetanse for å styrke fagmiljøet, alle barnefagleg bakgrunn?
- Motivere samansett personalgruppe med ulike motiv
- Unge leiarar, manglar erfaring, krevjande jamfør motiv??
- Meir utfordrande barnegruppe / foreldregruppe??
- Dette må snakkast om / løysast..

# Overgang BH - skule

Overgangsplan som er god og som vert nytta!

Aktivt samarbeid om særskilde elevar, og alle..

Overgangen BEGGE partar sitt ansvar!!

Å vere den største i barnehagen inneber:

- å kunne presentere seg med namn og kvar ein bur.
- å kunne kle seg sjølv
- å kunne passe på sine egne ting
- å kunne gå på do sjølv
- å øve på å halde blyanten rett
- å øve på rett skrive- og leseretning
- å øve på teikning og klipping
- å øve på å skrive namnet sitt

# Overgang

## Språk og kommunikasjon:

- å øve på å få eit godt munnleg språk
- å kunne gjere seg forstått med ord
- å kunne fortelje om ei oppleving
- å høyre på høgtlesing og kunne gjenfortelje det ein las
- å leike med ord: rim og regler, orddeling, rytme.
- å kunne omgrep som først/sist, oppe/nede, over/under, bak/ framme, mellom,....
- å ha kjennskap til bokstavar og tal
- å forstå samanhengen mellom munnleg/skriftleg språk

# Overgang

## Konsentrasjon:

- å kunne ta imot ein beskjed
- å kunne sitje i ro ei viss tid
- å kunne starte opp, gjennomføre og avslutte ei oppgåve
- å kunne vente på tur.
- å kunne regelleikar
- å godta uskrivne reglar i leik



# Overgang

Tal, rom, form:

- å ha eit visst tidsomgrep: i dag/ i går, før/ etterpå,
- første, andre, tredje..., størst/ minst,
- å kunne orientere seg i naturen/ retningar
- å kunne spele spel med terning
- å kunne fargar og former (sirkel, kvadrat, trekant..)
- å øve på talomgrep til 10

# Overgang

## Sosial kompetanse:

- ta kontakt med andre på ein positiv måte
- ta omsyn og vise omsorg
- samhandle med andre
- vera sosialt aktiv utan å trykkje andre ned
- vise akseptable kjensleuttrykk i forhold til sinne, engstelse og frustrasjon.
- tør å protestere, argumentere, hevde eigne synspunkt
- kunne tape og vinne i leik

# Sjekkliste

- Har BH alle kompetansar på plass jamfør borna
- Har BH systema for samarbeid: tid, resursar, møtestader, innhald på møtestadane
- Korleis er samarbeid med andre instansar inkl foreldre: regelmessig, reellt, systemnivå, får foreldre vite det reelle?
- Er BH pådrivar sjølv for å få endring rundt alle utfordringar bornet har
- Kartlegg BH borna på nokon måte
- Føl ein rammeplan, overgangsplan samla for kommunen eller kvar og ein ( små miljø )
- Er ansvara fordelte, alle deler dekte opp
- Korleis mobiliserer ein dei ulike kompetansane dei tilsette representerer

# Sjekkliste del 2

## Korleis handterer ein utfordringane ein står overfor:

- Jobbe systematisk med alle utfordringar, alt på bordet!
- Tenke: korleis vil dette vere på skulen?
- Skulen har ingen yngre dei kan leike med
- Skulen skal ivareta leiken med utetider, uteskule, men noko «skulsk» arbeid må til, i ei stor bornegruppe..
- Det finnes ikkje sovande barnevernssaker
- Foreldra må vite korleis stoda er, vere aktive medspelarar med BH på utfordringar
- BH skal ha etablerte rutinar, ansvarsgruppe og strategiar for særskilde elevar FØR skulestart
- Alle må ha spespedvedtak om dei skal ha ekstra bemanning på skulen..
- Blyantgrep, gjer det rett.....